

Dato 20.02.25	Oppdragsnr.: 4034 401
Side 1 av 3	Utarbeida av: GKD
Sak og kommune: Sjuefråvær og bemanning - Tokke	

Prosjektplan – Sjukefråvær og bemanning

Bestilling og bakgrunn

Forvaltningsrevisjon om personell – arbeidsmiljø, er fyrste prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027, vedtatt av kommunestyret i sak 69/2024. I bestillinga frå kontrollutvalet, sak 12/24, står det:

Personell arbeidsmiljø: Kommunen sine skriftlege rutinar og sitt systematiske arbeid for å sikre eit godt arbeidsmiljø. Samt å førebyggje og redusere sjukefråvær og auke rekruttering – heiltidskultur.

Kommunen har bedt Bedriftshelsetenesta å gjennomføre ei kartlegging av arbeidsmiljøet i kommunen. Dessutan har Arbeidstilsynet varsla tilsyn retta på muskel- og skjelettplager og psykiske plagar i Heimetenesta. Tilsynet er planlagt 28.04.25.

I samråd med kontrollutvalsekretær foreslår vi difor at forvaltningsrevisjonen ikkje omfattar arbeidsmiljø.

Problemstillingar

Vi foreslår følgjande problemstillingar:

- Har kommunen tiltak for å førebygge og følgje opp sjukefråvær?
- Har kommunen tiltak for å sikre ein forsvarleg bemanning? Her vil vi mellom anna sjå på kommunen sitt arbeid med
 - å rekruttere tilsette
 - heiltidskultur

Det kan vere vi må justere ordlyden i problemstillingane. Vesentleg endring vil bli avklart med kontrollutvalet.

Kjelder for revisjonskriterium

Revisjonskriteria er i hovudsak henta frå

- kommunelova
- arbeidsmiljølova
- forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

Dato 20.02.25	Oppdragsnr.: 4034 401
Side 2 av 3	Utarbeida av: GKD
Sak og kommune: Sjukefråvær og bemanning - Tokke	

- forskrift om føring av statistikk over sykefravær

Avgrensing

Det kan bli behov for å gjere avgrensingar i denne forvaltningsrevisjonen. Om det blir behov for å gjere vesentlege avgrensingar vil vi avklare det med kontrollutvalet.

Metode

Metodane i denne forvaltningsrevisjonen vil vere intervju, dokumentgjennomgang og spørjeundersøking.

Vi vil gjennomgå styringsdokument, internkontrollsystem og relevante rutinar. Vi vil velje ut eit utval leiarar, og undersøke deira si oppfølging av sjukmelde. Vi vil vidare intervju leiarar, verneombod og tillitsvalde og dessutan tilsette i HR m.fl. Vi vil også gjennomføre ei spørjeundersøking retta mot leiarar, verneombod og tillitsvalde.

I denne forvaltningsrevisjonen vil vi kome til å handsame personopplysningar som ikkje er offentlege og der det er teieplikt. Vi har tiltak for trygg handsaming i samsvar med lovkrav. Dette er omtala i vår personvernerklæring.¹

Oppstart og leveranse

Vi vil starte opp arbeidet våren 2025 og levere rapport til kontrollutvalet hausten 2025. Planlagt ressursbruk er inntil 300 timar. Oppdragsansvarleg vil vere Anne Hagen Stridsklev.

20.02.25
Geir Kastet Dahle
Prosjektleder

¹ [Personvernerklæring - VTR | Vestfold Telemark Revisjon \(vtrevisjon.no\)](https://vtr.no/personvernerklaring).



Dato 20.02.25	Oppdragsnr.: 4034 401
Side 3 av 3	Utarbeida av: AHS
Sak og kommune: Sjukefråvær og bemanning - Tokke	

Erklæring om at oppdragsansvarleg revisor er uavhengig

Oppdragsansvarleg revisor skal sjå til at forvaltningsrevisjonen blir gjennomført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, og skal kvart år ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet. I tillegg skal oppdragsansvarleg revisor gi ei slik vurdering når det er behov for det, for eksempel i tilknytning til kvart oppdrag.

Eg har vurdert og erklært uavhengigheit overfor Tokke kommune for inneverande år i eige brev til kontrollutvalet. Det har ikkje skjedd endringar sidan då.

Det er ingen omstende som påverkar sjølvstendet mitt ved forvaltningsrevisjon 4034 401 Sjukefråvær og bemanning – Tokke kommune. Alle som utfører oppgåver i forvaltningsrevisjonen, oppfyller også kravet om å vere uavhengige, og dokumenterer vurderinga internt. Dette blir også vurdert gjennom heile forvaltningsrevisjonen.

Skien, 20.02.25

Anne Hagen Stridsklev